



RAPPORT BEREKRAFT

Rapporteringsår 2025



Hauglandsvegen 308,
6968 Flekke

Telefon 57 73 71 00
E-post post@rkhr.no

Vurderingar for aktsemd

Vurdering av aktsemd er ein prosess eller ein arbeidsmetode for å kartlegge, forebygge, gjere greie for og følge opp korleis selskapet handterer faktiske og potensielle negative konsekvensar av si verksemd. Denne rapporten for Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter, bygger på «*FNs veiledende prinsipper for næringsliv og menneskerettigheter*» og «*OECDs modell for aktsomhetsvurderingar for ansvarlig næringsliv*».

Rapporten gjev ei generell beskriving av selskapet si organisering og driftsområde, samt kva retningslinjer selskapet har for å kunne sikre grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve. Viktige områder for risiko vil bli identifisert og tiltak for å korrigere eller førebygge vert skissert.

Generell informasjon

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

Adresse:

Hauglandsvegen 308, 6968 Flekke

Styret:

Styret i Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter består av sju medlemmar, der to av medlemmane er representantar for dei tilsette. For tida er det tre menn og fire kvinner i styret, styreleiar er kvinne. Valnemnd er Sogn og Fjordane Røde Kors

Eigar:

Organisasjonen er eit ideelt aksjeselskap der Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS eig 100 % av aksjane. Sogn og Fjordane Røde Kors eig 100 % av aksjane i eigedomsselskapet. Institusjonen leiger bygg og anlegg frå Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS



Viktigaste tenester og produkt:

Medisinsk rehabilitering og habilitering i spesialisthelsetenesta

Om bedrifta:

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter, heretter RKHR, leverer spesialiserte helsetenester til det offentlege. Sentralt i driftsgrunnlaget er avtale med Helse Vest RHF. Tilboda som vert gitt er kunnskapsbaserte og selskapet har etablert eiga forskings- og utviklingsavdeling.

Institusjonen er sertifisert etter NS-EN ISO 9001:2015 og sertifisert som Miljøfyrtårn.

I tillegg til spesialisert rehabilitering tilbyr vi bruk av basseng og treningsfasilitetar til eksterne.

Omsetting i rapporteringsåret (NOK):	Kr.83.091.884
Tal tilsette / årsverk:	86 / 62 årsverk
Er verksemda omfatta av openheitslova?	Ja
Er verksemda leverandør til offentlig sektor?	Ja
Namn, tittel for kontaktperson for rapporten:	Inger Johanne Osland, Adm.dir
E-post til kontaktperson for rapporten:	inger.osland@rkhr.no

Våre verdiar


Verdigrunnlaget til RKHR byggjer på Røde Kors sine grunnprinsipp, der følgjande skal prege vårt arbeid:

- Fremme mangfald og inkludering
- Alle skal møtast med respekt og likeverd
- Alle har ressursar som kan brukast til utvikling og vekst
- Eit godt arbeidsmiljø med fokus på samarbeid, fornying, ansvar og trivsel
- Fokus på miljø og berekraft



Berekraftsmål

Vi skal gjennomføre vurdering av aktsemd for å unngå at institusjonen er årsak til, eller bidreg til negativ påverknad eller skade på menneske, samfunn og miljø. Dette gjeld det vi gjer både internt og ovanfor samarbeidspartar og leverandørar. Selskapet støttar opp under FN sine berekraftsmål og vi har valt ut tre mål som vi meiner er særleg relevante for oss og som vi vil ha fokus på.



3 Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder

Vi gjev kunnskapsbaserte, spesialiserte rehabiliteringstenester til barn, ungdom og vaksne, med mål om å auke funksjons- og meistringsevna og bidra til at pasientar får auka si deltaking og sin livskvalitet. For somme betyr dette å få hjelp til å bli betre, for andre å få gode verktøy og å lære å leve med plager/sjukdom.

8 Fremme varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle

Vi skal ha eit godt arbeidsmiljø med fokus på samarbeid, fornying, ansvar og trivsel, og ha gode og kompetente tilsette. Vi har mål om å vere ein inkluderande arbeidsplass. Vi har tariffavtalar, støttar retten til fri fagorganisering og har gode system for oppfølging av helse-, miljø og tryggleik. Eksternt stiller vi krav til leverandørane våre for å sikre anstendig arbeid og fråvær av brot på menneskerettar i leverandørkjeda.

12 Sikre berekraftige forbruks- og produksjonsmønstre

Vi har stort fokus på miljø og berekraft i vår drift. Vi arbeider aktivt for å få til meir ombruk, redusere vår energibruk, vårt forbruk og å redusere matsvinn på kjøkken/kantine.



Etiske retningslinjer

Våre etiske retningslinjer skal ivareta menneskerettar både overfor egne tilsette, pasientar/brukarar, samarbeidspartar og leverandørar. Formålet er å sikre god etisk praksis og å definere felles standardar. Ved all avtaleinngåing på kjøp av varer og tenester må interne prosedyrar følgast. Det skal vere mogleg å etterprøva, og det skal vere transparent, likebehandling og god forretningsskikk.

Informasjon om leverandørar

Generelt om modell for innkjøp og leverandørkjede

Det er definert kven som har ansvar og mandat til å inngå avtalar på ulike områder ved kjøp varer og tenester. Det er utarbeida prosedyre for innkjøp og det vert gjennomført regelmessige revisjonar.

Tal leverandørar RKHR har hatt kommersielle relasjonar med i rapporteringsåret: 244

Leverandørar vi har omfattande avtale med (der vi kjøper for meir enn 500 000 NOK/år): 11

Våre vesentlege leverandørar er knytt til områda straum, system/it, lønn/rekneskap, hygiene/reinhald og mat. Vesentlege leverandørar: 8

Våre leverandørar er norske selskap eller avdelingar. Ein stor del av leverandørane er omfatta av openheitslova. Vi vurderer at risikoen for negative konsekvensar i høve menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, er generelt låg for desse.



System for varsling av kritikkverdige forhold

Det er utarbeidd rutinar for varsling og oppfølging av kritikkverdige forhold, gjeldande både interne og eksterne aktørar. Elektronisk registrering og dokumentasjon i kvalitetssystemet Netpower.

Oppsummering aktsemd

Vi gjennomfører risikovurderingar for kartlegging av potensielle og faktiske negative konsekvensar for menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve og prioriterer tiltak som kan redusere risiko. Det er prioritert å gjennomføre vurderingar på:

- Pasientar (likeverdig tilbud uavhengig av funksjon og språk)
- Tilsette (menneskerettar og anstendige arbeidsforhold)
- Korrupsjon

LIKEBEHANDLING AV PASIENTAR UAVHENGIG AV FUNKSJON OG SPRÅK:

Funksjon:

Institusjonen skal vere tilrettelagt og tilgjengeleg for syns-, hørsels- og rørslehemma, personar med kognitive vanskar, personar med behov for skjerming frå sanseintrykk, og den skal vere universelt utforma. Senteret er bemanna til å kunne hjelpe pasientar med større bistandsbehov gjennom heile døgnet. Pasientar kan ha med ledsager ved behov.

Språk:

Det er krav om at kvalifisert personell, som skal utføre behandling, beherskar norsk eller anna skandinavisk språk skriftleg og munnleg. Ved behov vert det nytta tolk både i samtalar med helsepersonell, undervisning og andre aktivitetar. Senteret har avtale med døgnopen tolketeneste. Tolkehjelp vert i hovudsak gitt via telefon eller skjerm (video).



Vurdering:

Endring i pasientgrupper og utvikling av behandlingstilboda gjer til at det er behov for meir tilrettelegging av fasilitetar og uteområde. Det er blitt utarbeida ein rapport frå Universell Utforming AS, som peikar på tiltak (både ute og inne). Det er i 2025 utført lyddempande tiltak inne, betre tilrettelegging på uteområdet samt sett i gang ein prosess for å få utarbeida ein heilskapleg skiltplan/merking på ute-og inneområdet.

Ei intern arbeidsgruppe har sett opp prioriteringsliste som ein vil jobbe vidare med framover.

Bruk av tolketeneste for framandspråklege fungerer relativt bra. Det er framleis behov for å gjere tiltak for at fleire framandspråklege også får skriftleg informasjon om tilboda.

BEHANDLING OG IVARETAKING AV PERSONALE

RKHR har eigen tariff gjennom Spekter. Det er inngått tariffavtalar med arbeidstakarorganisasjonane og det vert gjennomført årlege forhandlingar. Leing og tillitsvalde ved senteret har godt samarbeid og likelønnsprinsippet står sterkt.

Det er utarbeida rekrutteringsplan for RKHR som skal ivareta likebehandling ved tilsetting, uavhengig etnisk tilhøyrslø, religion, alder, uførheit, kjønn, ekteskapsstatus, seksuell orientering, medlemskap i fagforeining eller politisk tilhøyrslø.

For enkelte stillingar er det krav til å beherske norsk munnleg og skriftleg. Dette medfører at det er ei viss grad av diskriminering grunna språk for dei som skal arbeide direkte med pasientbehandling.

Nedre aldersgrense for tilsetting er året ein fyller 16 år, 18 år ved nattarbeid.

RKHR gjennomfører regelmessige arbeidsmiljøundersøkingar der arbeidsforhold og forhold knytt til det å ivareta eit trygt og godt arbeidsmiljø inngår. Dette legg grunnlaget for verksemda sitt forebyggande arbeid.



Senteret har:

- Arbeidsavtalar
- Tariffavtalar
- Gode pensjons- og forsikringsordningar
- Bedriftshelseteneste
- Verneombod
- Arbeidsmiljøutval
- Velferdsordningar
- Livsfasepolitikk
- Universell utforming

Vurdering:

Vi vurderer at det er minimal risiko for at det skal skje brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i verksemda.

Vi erfarer at det er ei auke i søkarar med framandspråkleg bakgrunn og har sett på tiltak som kan gjere til at ein i større grad også kan inkludere framandspråklege i arbeidsstokken.

Tiltak som er gjennomført for å betre arbeidsforholda er:

- Etablert fadderordning for nytilsette ved senteret
- Nytt HR system for å sikre betre oppfølging av tilsette, samt gi betre internkommunikasjon

Vi må halde fram arbeidet med å inkludere framandspråklege tilsette. Vi har tatt problemstillinga vidare til eit lokalt utviklingselskap som jobbar for det lokale næringsliv, og drøfta om det er mogeleg å etablere eit «program» for lokale bedrifter som har denne utfordringa. Vi ynskjer å jobbe vidare med:

- Bygge kompetanse for å trygge dei tilsette til å møte og inkludere kollegaer med framandkulturell bakgrunn på ein god måte.
- Legge til rette for språktrening og språkopplæring for framandspråklege tilsette.



KORRUPSJON

For å unngå korrupsjon, har institusjonen følgende tiltak:

- Etablert etiske retningslinjer
- System for to-trinns kontroll utbetalinger (f.eks. faktura, timelister, etc.)
- Auka frå ein til to tilsette med tilgang til lønssystem og nettbank, for betre kontroll.
- Innkjøpsprosedyre og myndigheitsmatrise
- Internrevisjon

Vurdering:

Vi vil framover ha fokus på dei forretningsetiske retningslinjene i verksemda, og gjere tilsette betre kjent med desse.

System for oppfølging av negativ påverknad

Vi har utarbeidd prosedyrar innanfor gjeldande områder og har eit avvikssystem som skal fange opp avvik, klager og uønska hendingar. Det vert gjennomført systematiske internrevisjonar og risikoanalyse på kritiske områder.

Avvik/klager på leverandører vert meldt inn i kvalitetssystemet fortløpande. På leverandørar som er definert som vestentlege vert det gjennomført ei leverandørvurdering kvart 3.år. Dersom det vert identifisert manglande oppfølging av krav, ønsker vi å ha dialog med leverandørane for å rette opp identifiserte manglar og å redusere potensielle eller faktiske negative konsekvensar.